



Jonas Kaland Leiknes mfl
v/Advokat Lars G. Nygaard
Sandbrogaten 3
5003 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2636 - 16/29520

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

24.10.2016

Løyve til deling av parsell for arealoverføring - Gbnr 195/5 Leiknes

Eigedom: Gnr. 195 bnr.2 Leiknes
Adresse for eiged.: Leknes, 5915 Hjelmås
Type tiltak: Deling for arealoverføring
Heimelshaver: Jonas Kaland Leiknes m.fl.
Søker: Jonas kaland Leiknes m.fl. v/advokat Lars G. Nygaard

Saka gjeld:

Heimelshavar eig gnr.195 bnr.2. Dette er ein landbrukseigedom. Den austlegaste delen av eigdommen ligg ved Hillesvågen. Denne delen er sett av til anna føremål. Det vert no søkt om å få dele frå om lag 140m2 for å overføre denne parsellen til gnr. 195 bnr.67. Dette er ein fritidseigedom som ligg ved sida av parsellen som 195/2 eig ved Hillesvågen. Parsellen som skal overførast er ein trekant som ligg mellom sjøen og 195/67.

Planstatus/dispensasjonar:

Parsellen av 195/2 som skal delast frå, er i gjeldande kommuneplan sett av til bustadføremål. I gjeldande reguleringsplan for området er parsellen sett av til friområde og leik. Men parsellen som er søkt delt frå er sett av til bustadføremål.

Gbnr 195/67 er sett av til føremålet bustad/fritid både i kommuneplanen og i gjeldande reguleringsplan.

Det er ikkje naudsynt med dispensasjon og heller ikkje med vurdering etter jordlova §12.

Nabovarsel er ikkje naudsynt då tiltaket ikkje rår andre eigedommar enn dei som er involvert i delingssaka.

Tilkomst/avløp/vassforsyning:

Det gjeld frådeling av parsell som skal vere tillegg til eksisterande eigedom. Spørsmål om tilkomst/avløp og vassforsyning er ikkje aktuelle i denne samanhengen.

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



VEDTAK:

Med heimel i pbl § 20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå om lag 140m2 areal frå gnr.195 bnr.2 slik det er søkt om, og synt på kart vedlagt søknad motteke i kommunen 18.08.2016. Den frådeltte parsellen skal overførast til gnr.195 bnr.67, og føyast saman med denne eigedommen. Tiltaket er i samsvar med gjeldande plan.

Grunngjeving for vedtaket – pbl §20-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan.»

Det gjeld frådelling av om lag 140m2 areal som i gjeldande plan er sett av til bustadføre mål. Parsellen skal overførast til eksisterande bustad-/fritidseigedom og føyast saman med denne eigedommen.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. PBL § 21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke av kommunestyret i desember 2015 gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremålet, grensene ikkje fastsett i godkjend plan kt.6900,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om avgjerda. Jf. §§28 flg i Forvaltningslova.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jonas Kaland Leiknes mfl

Sandbrogaten 3 5003

BERGEN